



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**GOD PÅSKE!**

FRIVILLIGSENTRALEN STARTAR SAMARBEID MED KVS BYGLAND

LES MEIR - S. 10 <<<

Viking-bygda Bygland skal få landemerke i sverdform før sommaren. Arkeologikaféet i Bygland 30.04. fortel om Bygland sine vikingfunn.

BUA BOKSER - BUA BYGLAND MED I NASJONAL PRØVEPROSJEKT

>>> LES MEIR - S. 13

Elever på KVS ønsker å bidra frivillig i Bygland kommune. Me ønsker no å få innspel på om det er behov for dette.

GULL, VIKINGAR, DRAKAR OG KULTURARV I BYGLAND

>>> LES MEIR - S. 13

BUA boksane vil likne på postboksane og vert fylt med utstyr. Fleire boksar vert fordelt i kommunen.

INFORMASJON OM OPNINGSTIDER I PÅSKA 2026 (VEKE 14)

- Kommunehuset, sentralbordet, biblioteket og NAV er stengt i påskeveka.
- **NAV** informerer at kontoret på Bykle har opent måndag 30.03. kl. 12.00 14.00
- **Legekontoret på Bygland** har opent tysdag 31.03. kl. 08.00 - 15.00.

Me opnar opp att tysdag 7. april.

BYGLAND KOMMUNE ØNSKJER ALLE EI GOD PÅSKE!





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00;

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **OBS! Stengt på skærtorsdag 02.04.**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00;

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

OBS! Folkebiblioteket er stengt i veke 14 (påskeveke) og 2. påskedag 06.04. Opnar att tysdag 7. april.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- mandagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - APRIL 2026




- Bygland ungdomsrådsmøte: 24.04. kl. 11.30
- Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar: 27.04. kl. 12.00
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 28.04. kl. 09.00
- Levekårsutvaletmøte: 29.04. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 30.04. kl. 09.00

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte



Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

KOMMUNALE LOKALE TIL LEIGE



Bygland kommune/Byglandstunet AS lyser ut eit sentralt næringslokale i Bygland sentrum.

Bygland kommune, gjennom det kommunalt eigde eigedomsselskapet Byglandstunet AS, lyser ut eit sentralt næringslokale i Bygland sentrum, rett ved sida av Jokerbutikken. Lokalet blir i dag nytta som frisørsalong og er tilpassa slik drift, men vi er òg opne for andre verksemder som kan passe inn i eit tilsvarende lokale og styrke tilbodet i sentrum.

Både nye etableringar og etablerte verksemder som vurderer å flytte er velkomne til å søkje.

Les heile annonsen og sjå søknadslenkja på Bygland kommune si heimeside.

Søknadsfrist er 7. april 2026.

Om du er ein eksisterande bedrift eller ei ny bedrift, kan du kontakte:

- Bygg Bygland v/ moglegheitsutviklar Gyro Heia, for å sjekke ut moglegheiter for støtte til etablering; gyro.heia@bygland.kommune.no , mobil: 91717521.

Dagleg leiar, Byglandstunet AS, Knut Olav Forgard;

knut.forgard@bygland.kommune.no; mobil: 41 66 83 08

REDAKSJONSNOTAT **BYGLANDSNYTT NR. 80**

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt; Oleh Moskalov

Bilete: Framside: Hovstadvegen i Grendi; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt; Kva skjer: Isfisking ved Kilen, Bygland / Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt mai 2026: 30.04.2026, skrivefrist 27.04.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

GOD PÅSKE!



LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



Bygland Kommune

Avdelingsleiar

Avdelingsleiar Helse og livsmeistring - Helse og Livsmeistring, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 5087790447

Bygland

Publisert: 13.03.2026

Søknadsfrist: 07.04.2026



Bygland Kommune

Sjukepleiar/Vernepleiar

Byglandsheimen tilsette, Bygland Kommune

Fast

Webcruiter-ID: 5099552272

Bygland

Publisert: 27.03.2026

Søknadsfrist: 13.04.2026



Bygland Kommune

Sommarjobb for ungdommar i Bygland

Frivilligsentralen, Bygland Kommune

Sommerjobb

Webcruiter-ID: 5088362308

Bygland

Publisert: 05.03.2026

Søknadsfrist: 23.03.2026

utsatt til 13.04.2026

Alle ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida. Sjå Menu → Ledige stillingar

ANDRE NYHEITAR FRÅ SETESDAL

KJØRERUTER MOBILT PASS- OG ID-KONTOR (PASSBUSS) - SETESDAL, MAI 2026

Oversikt over stoppesteder og datoer for passbussene.

Har du behov for nytt pass eller ID-kort? Då kan du bestille time for dette når passbilen kjem til Evje og Valle i mai 2026

Du må bestille time på www.politi.no.

Evje	Bygland, Evje og Hornes politistasjon Verksvegen 4, 4735 Evje	6. mai: 08.00 – 15.30 7. mai: 08.00 – 15.30
Valle	Valle og Bykle politistasjon Kjellebergsveien 12, 4747 Valle	4. mai: 12.30 – 15.15 5. mai: 08.15 – 15.30



ANDRE NYHEITAR FRÅ SETESDAL

SETESDAL REGIONRÅD PÅ UNESCO-MØTE I KULTURDIREKTORATET

Tekst av Ole Birger Lien/Bykle kommune

Onsdag i denne veka var Setesdal regionråd på strategimøte i Kulturdirektoratet der Unesco-status og satsing i Setesdal stod på programmet. Frå direktoratet kom det lovord om arbeidet som blir gjort i Setesdal, og frå ordførarane vart det streka under at prosjektet i dag er sårbart, og at fast finansiering er avgjerande. Publisert av Ole Birger Lien

I møtet presenterte ordførarane ei heil rekke konkrete døme på korleis måla i strategien alt samsvarar med måten Setesdal arbeider med friviljugheit, rekruttering og kulturarv gjennom heile oppvekstløpet.

– Eit døme til etterfylgjing, kom det frå Kulturdirektoratet, som gav tydeleg ros til regionen. Direktoratet peika også på at modellen har potensial for internasjonal interesse – som eit godt eksempel på praktisk, lokalt forankra arbeid med immateriell kulturarv.

Må ha fast finansiering

Ordførarane var klåre på at sjølv om det går føre seg mykje godt Unesco-arbeid, er prosjektet og kulturarven sårbar. Dei lyfta behovet for fast finansiering som del av strategien både for å styrke frivilug innsats og rekruttering. Det vart streka under at ein ynskjer at Setesdal skal bli ein samarbeidspartnar og eksempelregion i implementeringa av strategien for immateriell kulturarv - og ein ser fram til vidare arbeid med å byggje eit stabilt grunnlag for å sikre og styrke kulturarven for framtida.



Fotograf: Forsvaret

HEIMEVERNET MED ØVING I SETESDAL 13.- 17. APRIL

Frå 13. til 17. april skal Setesdal HV-område utføre årleg trening, og mannskapar frå Heimevernet kjem til å vere synlege i kommunane Bykle, Valle og Bygland.

Ein må difor forvente å sjå soldatar med uniform, utstyr og våpen, og i tillegg ei heil rekke uniformerte militære køyretøy.

Lausammunisjon

Det kjem til å bli nytta lausammunisjon og ljosrakettar på ulike øvingsområde. Det blir også gjennomført sanitetsleksjonar med markørar - primært i Bykle kommune. Så er det altså ingen grunn til uro - ein må heller glede seg over at Heimevernet får trent seg på ulike oppgåver under ordna og trygge forhold.

HELSE OG OMSORG

April – program på Byglandsheimen

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
Tirsdag	7/4	11:00	Open dag - Seniorshop
Tirsdag	7/4	14:00	Andakt
Onsdag	15/4	11:00	Open dag
Tirsdag	21/4	14:00	Andakt
Onsdag	22/4	11:00	Open dag – (Konsert Oddvar Høgevoll 14.00)
Torsdag	23/4	10:00	Evjetur for Heimen
Onsdag	29/4	11:00	Open dag

SAMFUNN

HISTORISK KUNNSKAP OM BLEKA - NORCE- RAPPORT AV EINAR KLEIVEN

Ein ny rapport kastar lys over den relikte laksefisken, bleke. Gjennom fleire tiår har Einar Kleiven samla inn unikt historisk materiale som viser kor viktig denne ferskvasslaksen har vore for liv, kultur og identitet i Setesdal og Arendalsregionen.



No blir historia om bleka – og redningsarbeidet som hindra henne frå å forsvinne – fortald i samla form.

Du finn rapporten på Bygland kommune si heimeside.

OPPGRADERING AV PAKKBUA PÅ BYGLANDSFJORD STASJONSOMRÅDE

Bygland kommune har starta arbeidet med å oppgradere Pakkbua på Byglandsfjord stasjonsområde. Tiltaket skal både ta vare på det freda kulturmiljøet og leggje til rette for at bygget kan få ei utvida rolle som viktig møteplass for lokalsamfunnet.



Pakkbua er stengt til offentlig bruk ut 2026.

Me gleder oss til nye trivelege møte på det nyoppussa bygget i 2027!

Du finn ein lengre artikkel om oppgraderinga av Pakkbua på Bygland kommune si heimeside bygland.kommune.no/aktuelt/

SAMFUNN

NYE KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN OG GJØDSELJOURNAL FRÅ 2026

Frå 1. januar 2026 gjeld nye og strengare krav til både gjødslingsplan og gjødseljournal.

Alle som brukar gjødsel, også dei som berre gjødslar små areal eller som ikkje har krav om gjødslingsplan, må no føre gjødseljournal. Samstundes er tidlegare fritak fjerna, og det blir innført nye grenser for fosforgjødsling.



Kva betyr dette for deg som bonde?

Alle som brukar gjødsel skal føre ei journal som dokumenterer:

- tidspunkt og stad for gjødsling,
- type og mengd gjødsel,
- tilført nitrogen (N) og fosfor (P) per skifte,
- total mengd N og P,
- dokumentasjon ved levering eller mottak av husdyrgjødsel over 75 kg P/år

Journalen skal vere klar for kontroll seinast 1. november kvart år.

Du må ha gjødslingsplan dersom:

- du gjødslar meir enn 25 dekar, eller
- du dyrkar potet eller grønsaker med sterk fosforgjødsling på meir enn 5 dekar

Kravet gjeld uavhengig av tal dyr og driftsomfang.

Krav til jordprøver

Jordprøver må ikkje vere eldre enn:

- 8 år i dei fleste tilfelle,
- 4 år ved potet, grønsaker eller balansejødsling,
- 2 år ved bruk av avløpsslam

Nye grenser for fosforgjødsling

Det blir ei gradvis innstramming i maksimal fosforgjødsling fram mot 2033. Til dømes:

- 3,5 kg P/daa til og med 2026
- 2,3 kg P/daa frå 2033

NLR tilbyr kurs i føring av gjødseljournal

NLR tilbyr eit praktisk kurs der du lærer:

- kva gjødseljournalen skal innehalde,
- korleis du fører journal digitalt og analogt,
- korleis den nye forskrifta fungerer,
- korleis du nyttar NLR si Excel-mal (inkludert i kurset)

Kurshaldar: Åsmund Langeland, nasjonal ressurs på gjødslingsplanlegging i NLR

Pris: kr 600,- + mva

Medlemspris: 50 % rabatt for NLR-medlemmer

Tidspunkt: 9. april kl. 20.00–21.30, 15.april kl. 11.00–12.30

SAMFUNN

AKSELRESTRIKSJONAR 2026

Frå og med 10.03.2025 blir det med heimel i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar på grunn av teleløyising.

Tillatt akseltrykk i denne perioden er 3 tonn grunna veldig dårleg tilstand på vegane i år. Veg til Vassendøya, Nesmoen industriområde, veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå Rv9 til Stasjonsområdet og til Senumsvegen på Byglandsfjord er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegående persontransport
- Mjølketankbil
- Slaktebil og bil for nødslakt
- Renovasjonsbil
- Bergingsbil
- Septiktankbil

Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen.

Det vil bli sett opp skilt.

Restriksjonane gjeld til dei vert oppheva v / melding på Bygland kommune si heimeside og facebookside.

Førespurnadar om dispensasjonar må bli retta til til Bygland kommune.



3 t akselrestriksjon

EKSTRA MIDLAR TIL DRENERING I AGDER

Agder fylkeskommune har løyvd 2 millionar kroner i ekstra dreneringsmidlar for 2026 for å auke dreneringsaktiviteten i fylket. Midlane kjem i tillegg til det statlege dreneringstilskotet, og blir fordelte etter førstemann-til-mølla-prinsippet.

Dette betyr at bønder som planlegg grøfting eller annan drenering av jordbruksjord kan få betydelig høgare støtte enn tidlegare.

Kor mykje kan du få?

Agder fylkeskommune sitt tilleggstilskot for 2026 er:

2 000 kr per dekar for systematisk grøfting, profilering og omgraving

30 kr per løpemeter grøft ved annan grøfting, avgrensa til maks 2 000 kr per dekar

Dette kjem på toppen av dei statlege satsane (bl.a. 4 000 kr per dekar ved systematisk drenering).

Slik søker du

Du søker berre på den statlege ordninga. Du skal altså ikkje sende eiga søknad til fylkeskommunen.

Send søknad om statleg dreneringstilskot via Landbruksdirektoratet.

Kommunen behandlar søknaden som vanleg.

Når søknaden er innvilga, sender kommunen kopi av vedtaket til Agder fylkeskommune.

Fylkeskommunen innvilgar ekstratilskot etter søknadsdato – «førstemann til mølla».

For meir informasjon, fristar og vilkår: bygland.kommune.no





OPPVEKST



Rokkesokkdagen 2026

I dag har vi markert Verdsdagen for Down syndrom på skulen. Sjølve dagen er 21. mars, men vi valde å markere han litt på førehand.

Gjennom dagen har vi snakka om kva Down syndrom er, og om kor fint og viktig det er at vi alle er ulike og unike. Vi har dansa, sett film og kosa oss med teikning.

På bileta ser de føtene til førskulebarna og elevane på 1.–4. trinn.

Alle har på seg ulike sokkar – ein av kvar sort. Dette er ein fin måte å vise at det er nettopp forskjellane våre som gjer oss spesielle, og at det er bra å vere forskjellig



Barnehagedagen 2026

Tradisjonen tru så har Byglandsfjord barnehage vore på besøk i Bygland barnehage, slik har dagen blitt markert i Bygland i mange år.

Leik og moro er i fokus når to barnehagar treffast på ein heilt vanleg tysdag i mars!

Mat må og til, pølse i brød og lompe er eit fast innslag.

Barnehagedagen skal sette fokus på innhald og kvalitet i barnehagen.

Gjennom medverknad, leik, felles aktivitetar og godt foreldresamarbeid skal barn oppleve å vere ein del av fellesskapet og bli behandla med respekt. Årets slagord «rom for alle» understrekar dette.

I barnehagane i Bygland arbeidar vi for at alle barn skal få deltake i leik, i venskap og for å kunne vere seg sjølve – slik skapar vi eit godt og utviklande ROM FOR ALLE.



Alle bilete: Sigrid Greibrokk/Bygland kommune



PÅSKEFERIE I VEKE 14: 30.03. - 05.04.

Me ønskjer alle barn og ungdom GOD PÅSKE!





KULTUR



ARKEOLOGIKAFÈ PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Torsdag 30.4 kl.18.00 blir det foredrag om **Gull, vikingar, drakar og kulturarv i Bygland.**

Arkeolog ved Kulturhistorisk museum, **Ingvild Solberg Andreassen** har det siste året vore tilsett 50% i Bygland kommune, som fagperson og prosjektleiar for vikingprosjektet.


Torsdag denne veka var hennar siste arbeidsdag i Bygland, i alle høve i denne omgang, men ho kjem altså til kulturscenen den 30.4 for å halde foredrag om gullfunnet, Langeidsverdet, prinsessegrava og Austadportalane.

I tillegg kjem **Bjarte Arseth** frå Kulturhistorisk Museet i Oslo, designaren bak sverdet som skal stå i rundkøyninga på Bygland. Han vil snakke om designprosessen, og korleis få fram det betydningsfulle i sverdet i eit slikt format.

GLIMT FRÅ KOSMISKE MYSTERIER OG SPEKTAKULÆRE FENOMENER!

I starten av mars kom Noregs kanskje fremste ekspert på universet til Bygland.

Knut Jørgen Røed Ødegaard fortalte om planetar, nærflygande asteroider og meteorittstein. Publikum blei heilt fortrylla!



MUSIKK PÅ BYGLAND

Kong Hanes Eftf. Korøving: onsdagar kl. 19-21, musikkrom på Bygland skule

Bygland Hornmusikk: Korpsøving: tysdagar kl. 18-20, Bygland kulturscene

Bygland leikarring, Folkemusikk for dei yngste: måndagar kl. 16-16.30, Bygland ungdomsklubb



>>> BJOREN BRYGGE

Kafé, ølhage, live musikk

Adresse: Presteneset 12,
4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland,
tlf. 932 62 168;

på FB: bjorenbrygge
Rett ved Byglandsfjorden!

Setesdalsmuseet og **Agder Folkemusikkarkiv** inviterer til eit djupdykk i arkivet, der utvalde klipp gir innblikk i musikkarv, historier og tradisjonar frå Agder. Kvelden legg til rette for gode samtalar om musikkarv og kulturhistorie. Dette er ei unik moglegheit til å oppleve folkemusikken tett på. - **Setesdalsmuseet**, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad; setesdalsmuseet.no - **Dato: 23 april kl. 18:00**



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB

Prestvikar: Inge Berg Pettersen og Anne Bjørnholmen Øvensen

Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

• Gudsteneste

- **med dåp:** Palmesundag 29.03. kl. 12.00 Friluftsgudsteneste ved Hovassdammen, Åraksbø - med atterhald om stadsending (alternativt: Sandnes kyrkje, Åraksbø - følg med på FB)

- 02.04. kl. 11.00 i Årdal kyrkje, Grendi
- 03.04. kl. 19.30 Pasjonsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø
- 05.04. kl. 16.00 Høgtidsgudsteneste i Bygland kyrkje

• Andakt på Byglandsheimen:

- tysdag 07. (Tove Tveitå) og 21.04. (ved prestevikar) kl. 14.00

• Soknerådsmøte: måndag 02.03. kl. 17.00, Kyrkjekontoret på Bygland

• Treff: Herre café. Eitt uformelt treff kun for herrar. Mest for å treffe andre og få seg litt luft. Lett servering & kaffe. tysdag 07.og 21.04. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge, Presteneset, Bygland



Brygga & Soknerådet inviterer til
"Herre cafe"

Tysdag 7. & 21. april kl 12-15
lett servering & kaffe ☕

Heilt uformelt. Mest for å treffe andre
og få seg litt luft..

FOLKE MØTE PÅ OSE OM OPNINGA AV AUSTAD KYRKJE

Fellesrådet inviterer til folkemøte på Ose grendehus for å diskutere framtida til Austad kyrkje på Tveit.

Tid og stad: 8.april kl 18.00, Ose grendehus


Vi inviterer EvTek, Steinar Holte til å vere med på møtet for å svare på spørsmål.



Velkomen til konsert "Elvis goes to church" med Ole Jonny and The Kingsmen, Bygland kyrkje, 2. mai kl. 19.00

Bandet heiter Ole Jonny and The Kingsmen og består av fem godt vaksne menn, busett i Gudbrandsdal. Nærare bestemt i Sel kommune i Nord-Gudbrandsdal.

Elvis goes to church, inneheld låtar frå Elvis sine gospelplater og bandet spelar dei på viset sitt, utan å etterlikna Elvis på nokon måte.





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (ikkje 06.04; 20.04.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (ikkje 06.04; 20.04.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (31.03., 14. og 28.04.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (09.+ 23.04.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30 (ikkje 02.04.)
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (09. og 23.04.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Grendi skule, Grendi (13. og 27.04.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland (ikkje 06.04.)

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **10.04.**



Følg elles med på Bygland ungdomsklubb si FB-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar

**Takk for ein fantastisk sesong med transport
til kveldskjøring i Brokke. Takk til alle
ungdomar som var med og til BUA bilen sin
supersjåfør Oleh Moskalov!!!**





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL INNLEIER EIT SAMARBEID MED KVS BYGLAND

Elever på KVS ønsker å bidra frivillig i Bygland kommune.

Det dei vil hjelpe med er:

- Halde dataopplæring ein kveld i veka
- Hjelpe eldre som har behov for praktisk hjelp heime, slik som
- rydding, klypping, vedbering eller anna.
- Vere turvenn, eller besøksven.

Me ønsker no å få innspel på om det er behov for dette. Bygland Frivilligsentral ber difor om tilbakemelding frå innbyggjarar, med kva det er behov for.

Skriv ein sms med det du kunne tenkje deg, og send til **94510770**.

Du treng ikkje skrive namn, berre om det er behov og for kva. Det er viktig for oss at me fokuserer på å opprette tilbod der det er behov.



BUA BOKS

I første veka i mai kjem det **tre BUA bokser til Bygland**.

Dette er ein pilot (prøveprosjekt), og Bygland er dei einaste på heile Sørlandet som er med på dette, og 1 av 4 BUA er på landsbasis. Det er aldri blitt gjort før i Noreg!

Kva er så dette? BUA boksane vil likne på postboksane du ofte finn utanfor butikkar. Forskjellen er at desse vert fylt med utstyr, og ikkje post.

Kvar luke er gjennomsiktig slik at du kan sjå kva som er inni. Det einaste du treng å gjere for å hente ut yststyr er å scanne ein qrkode, og logge på med din BUA bruker, og vipps luka opner seg. Utstyret er klar til bruk.

Me vil ta sikte på å fylle utstyret med sommar og vinter utstyr. Utstyret skal vere tilpassa området boksen står i. Det kan vere fotball, kubbespel, boccia, stort ludo eller tennisutstyr. Boksane er sjølvbetente og tilgjengelege heile døgnet.

Boksane skal stå på følgande lokalsjonar: Årdalshallen på Byglandsfjord, Byglandshallen på Bygland og Åraksbø grendehus i Åraksbø. Me gler oss stort til å prøve dette ut!

Takk til Dam stiftelsen og Bygg Bygland som har støtta oss i dette.

STØTTEORDNINGAR FOR NÆRINGSUTVIKLING OG LOKALT ENGASJEMENT

Bygg Bygland minner om at både nye og etablerte verksemder kan søkje støtte til etablering, utvikling og innovasjon. Verksemder som ønskjer å samarbeide, kan òg søkje tilskot til å etablere samarbeidsnettverk i kommunen eller for heile regionen.

I tillegg har vi ordningar som skal styrkje bu- og bli-lyst i kommunen. Midlane kan brukast til byggedugnader, arrangement eller etablering av ressursgrupper som vil arbeide for auka stadattraktivitet i nærmiljøet.

Har du ein idé for næringslivet eller nærmiljøet ditt?

Ta gjerne kontakt med moglegheitsutviklar **Gyro Heia, i Bygg Bygland, tlf. 91717521**

BYGG BYGLAND





TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - APRIL 2026

- Papir og plast: veke 16: tysdag 14.04.
- Matavfall og glass/metall: veke 16: torsdag 16.04.
- Matavfall og restavfall: veke 18: torsdag 30.04.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (08.04.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (25.04.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (11.04.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE - APRIL BYGDEKINOEN

ONSDAG 22. APRIL

KL. 17.30: SUPER MARIO GALAXY FILMEN

6 år. 110 kr. Animasjon

KL. 19.30: MICHAEL

9 år. 130 kr. Musikkfilm / Biografi



BYGLAND FILMKLUBB

SØNDAG 26. APRIL

KL. 18:00: ONE BATTLE AFTER ANOTHER (2025)

15 år. POLITISK ACTION THRILLER



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga

arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20



OPEN I PÅSKEVEKA: DAGLEG KL. 11.00 -17.00

**BARN**

- **FamilieKRIK torsdagar i partallsveker fra kl 16.00-17.00 i Byglandshallen.**
Det er for barn 2-6 år i første omgang.
- **Byglandsfjord barnekor:** måndagar i oddetalsveker kl. 17.00 -18.00, Fredheim bedehus

NATURVERNFORBUNDET OG BYGLAND HUSFLIDSLAG**Den store klesbyttedagen - søndag 19.04. kl. 11.00 -16.00, Bygland Ungdomshus**

Arrangementet er ein flott muligheit til å fornye garderoben gratis og miljøvennleg. I tillegg er me så heldige at Johanne kjem med symaskinen og all sin kunnskap, klar for å hjelpe deg med klede som treng justering eller anna.

Det er Naturvernforbundet som tek initiativ og får med seg frivillige over heile landet. Dette vil Bygland Husflidslag vere med på!

Det er landets største byttefest for klær, kor formålet er å forlenge levetida til plagg, fremme bærekraft og redusere utslipp frå klesindustrien.

Konsept: du leverer heile, reine klær, får byttelapper, og bytter til deg «nye» plagg.

Innlevering: starter allerede nå, og det er ønskeleg m levering før arrangementet.

- Ønsker du å selge brukte klær eller sko, så kan du tinge din eigen stand.
(begrensa ant plasser).

Kan avtales med Monica på sms;97162643

Har du ikkje klær å bytte inn, men ønsker å komme på «shopping» er du velkommen etter kl 14.00.

Det vert salg av kaffe & vafler.

Klær som er igjen, leveres til Setpro. - VELKOMEN ALLE!

**Meld deg som frivillig!**

LANDSKAPPLEIKEN  Hovden
24. - 28. juni
2026

**MELD DEG SOM FRIVILLIG PÅ LANDSKAPPLEIKEN 2026!**

I 2026 kjem Landskappleiken til Hovden i Setesdal. Det er første gongen Landskappleiken blir lagt til Setesdal og Setesdal Spelemannslag er stolt arrangør!

Kontaktperson for frivillige: Liv Hilde Holm; 906 10215; frivillig2026@landskappleiken.no



KVA SKJER I BYGLAND

APRIL 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)

GOD PÅSKE!



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
sundag 29.03. (Palmesundag)	Hovassdamm eller Sandnes kyrkje, Åraksbø (følg me på kyrkja si Facebook-side)	kl. 12	Friluftsgudsteneste eller Gudsteneste i Sandnes kyrkje
torsdag 02.04. (Skjærtorsdag)	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11	Gudsteneste
fredag 03.04.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 19.30	Pasjonsgudsteneste
sundag 05.04	Bygland kyrkje	kl. 14	Høgtidsgudsteneste
onsdag 08.04.	Soknerådet; Ose grendehus	kl. 18.00	Folkemøte Austad kyrkje
tysdag 07.+21.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
sundag 19.04.	Ungdomshuset på Bygland	kl. 11-16	Den store klesbyttedagen
onsdag 22.04.	Bygdekinoen; Kulturscena	kl. 17.30	Film: Super Mario Galaxy
onsdag 22.04.	Bygdekinoen; Kulturscene	kl. 19.30	Film: Michael
sundag 26.04.	Bygland filmklubb, Kulturscena	kl. 18	Film: One Battle After Another (2025)
sundag 26.04.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 11	Gudsteneste med årsmøte
torsdag 30.04	Bygland kommune, Bygland kulturscene	kl. 18	Arkeologikafé Gull, vikingar, drakar og kulturarv i Bygland

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 12



FAMILIEBADING ER NO STENGT FOR SESONGEN!

Vi opnar opp att etter haustferien i veke 41/2026

TAKK FOR NO!

